

STYREMØTE SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT PÅ RESET 08.04.10

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Eva Høydal, Tom Idar Kvam og Eli Berge Ness

Sak 15/10 Referat og meldingar

- Referat frå førre styremøte.
- Representantskapsmøte NSG. Halvar deltok. Synfaring på Ås. Sekretærordning. Framlegg frå styret om prøveordning med sekretær frå NSG i Finnmark og Nordland. Dei to aktuelle fylka ville heller ha midlar for å løyse oppgåva sjølve, og fekk støtte frå representantskapet på det. NSG skal no støtte kvart av fylka m 30.000-50.000 kr i prosjektperioden.
- Gjerdemøte Hafslo. Tom Idar deltok. Infomøte, 30 frammøtte. Har delt aktuelle område inn i roder, og sett opp kven som skal ha synfaring dei ulike plassane for å finne ut kvar ein må gjere noko.
- Temamøte avl/sauekontroll, Sogn, i regi av lokallaga i Årdal, Lærdal og Aurland og Lærdal værering. Tom Idar deltok
- Møte beitebruksprosjekt. Leif deltok. Fylkesmannen har kjøpt inn 150 bjøller. Prioriterer Leikanger, Jostedal og Dale komande sesong.
- Temadag alveld 27. juni. Innleiarane er på plass. Selje og Nordsida Sau og Geit har teke på seg å gjennomføre dagen. Eli samordnar og skriv søknad til fylkesmannen.
- Årsmøte Bonde og småbrukarlaget. Eli deltok. Fokus på ny landbruksmelding.
- Samrådingmøte m. landbruks- og matminister Lars Peder Brekk. Eli deltok. SFSG var einaste fylkeslaget frå dei tre vestlandsfylka som var representert.
- RU-møte Nortura, Bergen. Eli deltok. Viktig å følge med på kva som skjer her framover.

Sak 16/10 Val av skrivar

Vedtak: Eli Berge Ness blir vald til skrivar komande arbeidsår.

Sak 17/10 Kjekjøt

Saka om å nytte kjekjøt som den gode råvara det er, er like aktuell. Det blir fødde ca. 40.000 kje i året. 15.000 er aktuelle til slaktekje, det blir om lag 6 tonn kjøt.

Johannes Nedrebø er på Norturamøte på Gardermoen der kjekjøt og villsau er tema i dag. Fagutval småfe kjem på besøk til fylket i juni, då kjem det også til å vere fokus på geit og kje, m.a. med besøk i Kandalen.

Kan det vere aktuelt å køyre kampanjar i fylket i samband med bondens marked/andre arrangement? Grilling med smaksprøve?

Vedtak: Dette er ei problemstilling som må jobbast vidare med.

Sak 17/10 Villsau

Det har vore ein auke på 70 % på villsau siste åra. Dette inneber ulike utfordringar. Det er ein del nye brukarar som har starta med villsau utan særleg erfaring med dyrehald. Ikkje alle kjenner til krav om at dyra skal kunne søkje ly. I vinter har det også vore ein hard vinter med ekstra mykje utfordringar.

Ei anna utfordring er at det kjem inn mykje kjøt frå villsau som er vanskeleg å få økonomisk overskot på.

Mange av dei som driv med villsau, er ikkje medlem hos NSG. Som næring er det likevel viktig at vi er klar over at her ligg både store utfordringar og ein del problemstillingar som bør takast tak i, helst før komande sesong.

Vedtak: Halvar tek kontakt med Terje Ramstad for å høyre korleis Mattilsynet vurderer situasjonen når det gjeld villsau. Resten av styret får tilbakemelding etter denne samtalen.

Sak 19/10 Geitmjølk kvalitet

SFSG har fått spørsmål om det er mogeleg å finne ei forklaring på kvifor prosentdelen elitemjølk er mykje høgare på kumjølk enn på geitemjølk. Eva har teke dette opp både med Helga Kvamsås og Odd Fauske. Dette er særleg problem i april-september. Problemet er frie fettsyrer. Kumjølka har langkjeda fettsyrer, geit har både lang- og kortkjeda. Saka er send vidare til konsernrådet i Tine.

Vedtak: SFSG tek problemstillinga til orientering.

Sak 20/10 Leiarsamling 2010

Samlinga blir 22. og 23. oktober.

Vedtak: Halvar tek ansvar for leiarsamlinga. Det blir tur til Gol. Er det ledige plassar etter at leiarane har meldt seg på, er det mogeleg for andre interesserte småfehaldarar i fylket å melde seg på. I tillegg får HSG og MRSG informasjon om tur og program

Sak 21/10 Heidersmeldemmar

SFSG har motteke skriv frå Kyrkjebø Sau og Geit som ønskjer å utnemne to medlemmar til heidersmedlemmar. Dette gjeld Gunvald Jenssen og Håkon Bjarne Osland. Dette er to personar som har arbeidd trufast for småfehaldet og organisasjonen Sau og Geit. Kandidatane har med si tru på småfehaldet og organisasjonen vore pådrivarar og inspiratorar slik at også andre har fått interesse for småfehald. Dei stiller alltid på møte, er alltid positive og talar varmt for landbruket.

Hadde det ikkje vore for desse to, er det ikkje sikkert det hadde vore aktivt beitelag eller Sau og Geit på Kyrkjebø.

Vedtak: SFSG støttar framlegget til heidersmedlemmar i Kyrkjebø Sau og Geit.

Sak 22/10 Landbruksmelding

Då fristen gjekk ut 1. april, var det to lokallag som hadde kome med innspel til landbruksmelding. Det var Stryn Sau og Geit og Jølster Sau og Geit. Begge laga hadde gode og omfattande innspel.

Vedtak: Eli arbeider vidare med innspela som er komne. Dette må drøftast i telefonmøte i god tid før fristen til departementet, som er 1. juni.

Sak 23/10 Ymse

Halvar som leiar får ein del straumpostar som ikkje går til resten av styret. Ønskje om at han skal vidaresende desse til resten av styret slik at ein har kjennskap til aktuelle saker og problemstillingar.

Møtet slutt.

Ref. E.B.N

